Byggepakke Naturmøteplass

Modell: Navestøylen
naturmøteplass.no

Litt om konseptet
Naturmøteplassane blir skapt av lokalmiljøa som ein naturleg møteplass i naturen. Det skal vere eit friareal, der ein kan få gode naturopplevingar, som er tilrettelagt for alle. Ein får tilgong til gode verktøy som gjer at ein kan byggje ein slik møteplass, basert på 4H sine tankar og formål om å utvikle ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med respekt for natur og menneske. Ein lærer å bruke naturen og verte glad i den slik den er, heilt naturleg.

I byggepakken vil de få ein kort introduksjon, litt bakgrunnsinformasjon om bygningen, materialliste, leverandørforslag, bilete, tekniske teikningar inklusivt 3D-modell med mål og anna praktisk informasjon. Byggepakkane tar utgangspunkt i at ein har ressurspersonar i sitt prosjekt som har praktiske kunnskapar og kan vidareformidle informasjonen. Hugs at de kjem til å trenge ein heil del folk når planane skal realiserast, så involver og informer medlemane i organisasjonen eller bygdefolket ved eit kvart høve.

Tilgjengeleg for alle
Det er viktig for 4H og alle samarbeidspartnarane at alle dei som ynskjer å realisere ein møteplass i naturen skal få moglegheit til nettopp det. Derfor har me i samarbeid med sivilarkitekt Bjørn-Are Vollstad og lokale 4H-klubbar utforma gode byggepakkar som ein kan støtte seg på. Ut frå tilbakemeldingar me har fått, ser me at Naturmøteplass.no har blitt ein portal som ikkje berre gjer prosessen ryddigare og meir forutsigbar, men kanskje viktigast av alt oppnåeleg for dei som sit og drøymer om å lage ein slik plass.

4H - Å lære ved å gjere
Kjerneverdiane våre er klårt hovud, varmt hjarte, flinke hender og god helse, derav dei fire h-ane. 4H er ein medlemsstyrt organisasjon der medlemene sjølv bestemmer kva dei vil utforske og tileigne seg kunnskap om.

Finn meir informasjon om 4H: **www.4h.no**
Meir om naturmøteplassane: **www.naturmøteplass.no**

Hugs å ta vare på landskapet som utgjer naturmøteplassen
Ein må vurdere nøye kvar eit bygg skal stå i landskapet, slik at ikkje bygget “øydelegger” den fine plassen.
Vent så lenge som mulig med å felle tre, til ein ser kva som absolutt må takast ned.
Unngå store inngrep i landskapet – bruk så små maskiner som mulig.

06.04.2017

Naturmøteplassen Navestøylen

Plass til: Ca. 15-25 (avhengig av blanding mellom barn og voksne).

Overnattande: Ca. 5-10 (mulig å bygge hems).

Anslått materialpris utan grunnarbeid og grue, 2017: Ca. kr 75.000,-.

OBS! Materialprisen er utan grovt tregolv (jf. neste side).

Fordelar med denne bygningen:

- Solid grindverkskonstruksjon. God bære- og tåleevne for snø og vind. Viktig å kjenne lokale snø- og vindforhold. Snakk med lokalkjente.
- Mulig å opne halve langveggen ved hjelp av skyvedør. Kan opnast meir opp med vindu / luker, avhengig av landskapet bygget står i.
- Murt grue med god utlufting av røyk gjennom pipe.
- Benkar / brisk med lagringsmoglegheit.
- Kan gjerast rullestolvennleg: Ingen trinn ved inngangen.
- Mulig å ta vekk noko av sittebenken og erstatte med kjøkkenbenk, eks. på eine sida av grua, og gjere dette til mat- / arbeidsområde.

Utfordring:

- Grindverkskonstruksjon krev kompetent fagperson både mtp. tilverking av tømmer, utforming av detaljar, og samansetting / røysing av byggesettet. Trengst gjerne lokaler for å produsere og sette opp byggesettet innandørs først, før endeleg oppsetting på tomta.

3D-modell:

3D-modell av bygget, laga i Sketchup, ligg ute på www.naturmøteplass.no. Sketchup er eit lågterskel 3D-teikningsprogram som er gratis tilgjengeleg for nedlasting på www.sketchup.com – slik at ein kan arbeide vidare med gapahuken i 3D, om ein ønskjer det. Kanskje ungane må hjelpe dei vaksne?

Dette heftet ligg også tilgjengeleg i PDF-versjon på www.naturmøteplass.no.

Materialliste / budsjett (prisar frå januar 2017 – vil kunne variere mykje frå leverandør til leverandør)

BESKRIVELSE	ANTAL	EINING	DIMENSJON	LENGD	TOTAL	PRIS	SUM
Stavar	6	stk	7"x7"	2,4	14,4	172	2477
Betar	3	stk	6"x9"	4,3	12,9	190,00	2451
Stavlege	2	stk	6"x9"	4,5	9	190,00	1710
Stavlege	2	stk	6"x9"	3	6	190,00	1140
Hanebjelke v/mur	1	stk	6"x6"	4,3	4,3	125,00	538
Sperr	24	stk	5"x5"	3	72	90,00	6480
Skråband	4	stk	3"x5"	1,6	6,4	50,00	320
Rotkne	2	stk	80x80 cm		2	2500,00	5000
Spikarslag	80	m	3"x4"		80	42,00	3360
Kledning	60	m2	1"x8"		60	180,00	10800
Tro	42	m2	1"x7-8-9"		42	140,00	5880
DATO:						Sum eks.mva	40155,30

Inkl. mva.: 50 194,-

Prisar under frå Farsund Bygg i Førde, inkl. mva, per 1/2017:

Takpapp, underlag Isokraft 1x12m Isola, pr. rull	1 300,-
Grunnmurplate Xtra 1,65x20m Platon (knotteplast), pr. rull	4 130,-
Torvtak i sekk u/frø, Nittedal, inkl. frakt (5-6 paller), per kvm	234,-
Torvtakkrok, pr. stk	80,-

IKKJE INKLUDERT: grunnarbeid, festemiddel, stein til muring av eldstad, og grovt tregolv inne

På Navestøylen vart det nytta lokalt tømmer, tilverka av Kåre Årdal, som også teikna, produserte og var ansvarleg for å sette opp bygget, på dugnad, saman med bygdefolk elles.

Det er muleg å kjøpe tømmer / byggesett om ein ikkje sjølv har nokon i lokalmiljøet som kan ta seg av dette. Prisar vil kunne variére ein del.

Det er naudsynt å samarbeide med kvalifiserte fagpersonar lokalt. Fagkyndige må vurdere grunnarbeid, naudsynt festemiddel m.m.

Takk til Nedre Jølster Bilelag for utarbeiding av materialliste og pris!

NB! Avvik frå originalen vil kunne forekomme i 3D-modellen / teikningane. Bruk modellen som ei prinsippskisse – ta alltid kontrollmål på byggeplass!



Fundament for hovudkonstruksjonen: Plastrør med Ø=25cm som går 1 m ned i bakken. Rørdiameter må sjåast i samanheng med stolpedimensjon. Stolpane festast med søylesko eller stålklavar i betongen. Fagperson må vurdere lokalt kva grunnarbeid som er naudsynt å gjennomføre.

DIMENSJONAR:

Stolpe:	175 x 175 mm
Bete:	150 x 240 mm
Dragar:	120 x 230 mm
Kne:	Avhengig av tilgjengeleg emne. Vurderast av fagkyndig.
Skråband:	Som over – vurderast lokalt.



Grindverkskonstruksjon er ein over 3500 år gamal tradisjon i Norge, og kjenneteiknast ved at ein bygger grinder av stolpar og bete, som så settast etter kvarandre med opptil 4-5m avstand innbyrdes, og bindast saman med ein dragar / stavlegje / rafthald i toppen. Konstruksjonen avstivast så både på langs og på tvers med skråband og / eller kne. Konstruksjonen var / er mest vanleg i uisolerte naust og løer. Detaljar variérer ein god del nasjonalt.

NB! Dette grindverket er ikkje avstiva i lengderetning med kne / skråband på stolpane, men med skråavstiving som også er spikarslag for delar av ytterkledningen. Sjå 3D-modell og bilete.



NB! Det er viktig at kompetent fagperson vurderer eksakt korleis koblinga skal vere. Detaljar kan variére mykje frå stad til stad. Det er avgjerande at alle koblingar vert utført nøyaktig, slik at ikkje vesentlege eigenskapar ved samanbindinga vert svekka.



“Grindverksknute”

DIMENSJONAR:

Sperrer: 125x100 mm / 5”x 4”



Sperretaket fellast ned i spor / hakk i dragarane, og låsast saman med stolpe og bete i ein “grindverksknute”. Lengda på takutstikket kan vurderast lokalt i kvart enkelt tilfelle.

Sperretak





NB! Det er viktig at kompetent fagperson vurderer eksakt korleis koblinga skal vere. Detaljar kan variére mykje frå stad til stad. Det er avgjerande at alle koblingar vert utført nøyaktig, slik at ikkje vesentlege eigenskapar ved samanbindinga vert svekka.



Møne



DIMENSJONAR:

Undertak: min. 18 mm tjukkelse,
gjerne 21 mm



NB! Viktig å dimensjonere undertak lokalt, eksempelvis med omsyn til tynga av typen tak, og forventa snølast.



NB! Viktig at undertakspappen ligg godt rundt vindskiene.



NB! Viktig at knotteplasten ligg rett plassert kring vindskiene. Om det vert nytta torvhaldskrokar i stål så kan dei godt festast under pappen, men om det nyttast torvhaldskrokar i einer, som her, så bør dei festast oppå pappen, med fugemasse kring feste-middel. Knotteplasten må ein gjerne jobbe litt med for å få bra på plass.

NB! Nokre torvhaldskrokar i stål kan ha ein litt skarp kant, som på sikt kan gnage hol i pappen, om ein ikkje sliper dei litt i forkant. Krokar i einer vert gjerne litt “klumpete” mhp. papp og plast.



Grindverkskonstruksjonen kan stå heilt open, om dette er ønskjeleg, om ein har kne og / eller skråband som avstivar både på tvers og på langs.

NB! Viktig at fagperson vurderer fare for / evt. tiltak mot torvsig.



NB! Det er avgjerande å ha fagperson med ved utforming av eldstad. Korleis brennkammeret / grua utformast er eks. viktig for kor god trekken blir.



Kor ope / lukka ein vil at bygget skal vere, kan ein sjølv avgjere, uavhengig av konstruksjonen. Det er lurt å legge plast under golv for å unngå oppfukting inne, og ispor mellom spikarslag, dersom ein skal kle igjen bygget.



Kor mange bord og benkar som trengst kjem an på den konkrete bruken det vert lagt opp til. Her er det 9-10 m plassbygde benkar langs ytterveggar, med lagring inni, samt eit bord med benkar sentralt framfor eldstaden.

DIMENSJONAR:

Kledningsbord: 25x195 mm



I dette tilfellet kan ein opne halve langveggen med skyvedør, samt opne luke i eine kortveggen. Det er lurt å nytte papp eller duk e.l. for å tette mellom kledning og golv, for å unngå uheldig trekk inn.



Skyvedør og luke er utført med skråttliggande panel, som tilfører variasjon i uttrykket, samtidig som det gjer det enklare å sjå kvar opningane er. Om ein vil ha inn dagslys når bygget er lukka, kan ein bruke vindauge i staden for luke.



I 3D-modellen er bygget frittståande, men den konkrete tomta er avgjerande for korleis ein best orienterer huset. Det er eks. mulig å ha murt kortvegg mot terreng, slik ein kan sjå av foto i dette heftet.



Frå “baksida”: Det er mulig å ha fleire opningar / vindu om dette er ønskjeleg.

Rikeleg med sitteplassar: Om ein ønskjer fleire tilbords kjem ferdigbenkar i ulike lengder.

For å auke talet soveplassar på naturmøteplassen kan ein bygge ein låg hems.

Hengsle- og kjettingsystem for luke.

Her er det nytta torvhaldskrokar i einer som “takrennehaldarar”. Metallskinna til skyvedøra er solid, og tilsvarar slike som vert nytta til låvedører o.l.

Sett frå grua / peisen og ut.

Øvre feste av skråband til bete. Skråbandemne er henta frå bjørkerot.

Nedre feste av skråband. Treplugg av bjørk.

“Kne” av emne frå bjørkerot, for å avstive stolpe og bete i grinda, ved å utnytte naturleg fiberretning.

Steinheller ved grua / peisen.

Plass for evt. kjøkkenbenk.

Lagringsplass oppå grua / peisen.



Navestøylen naturmøteplass

Kjølsdalen, Eid kommune, Sogn og Fjordane

Det originale grindverksbygget som denne byggepakka er laga ut i frå er Navestøylen naturmøte-plass, som er reist av Trekløveret 4H i samarbeid med mange frivillege i bygda. Naturmøteplassen ligg i eit snørikt støyls- og hytteområde. På vinteren får du ein nydeleg skitur i slakt terreng. Om sommaren kan ein køyre på skogsveg og deretter gå nokre hundre meter på tilrettelagt grussti som buktar seg fint i landskapet.

Bygget er teikna av Kåre Årdal, som også tilverka tømmeret frå lokal skog, samt produsert byggesettet, og leia arbeidet med å reise huset på Navestøylen. Naturmøteplassen er bygd etter tradisjonelle metodar kombinert med nye tankar. Born og unge har vore med i heile prosessen og blitt kjend med gamle handverkstradisjonar. Dei har t.d. hatt aktivitetsdag for å lage dei fine torvhaldarane til taket. Huset rommar rundt 20 personar om ein sit tett og er gode vener. Det er fint mogleg å overnatte 5-10 personar om ein blandar vaksne og born. Om ein vil ha plass til fleire kan ein bygge ein låg sovehems over det midtre partiet. Elles er det murt eldstad og bra med lagringsplass i benkane langs veggane.

Andre tiltak: Det er sett opp benkar ute og laga plaskedam i bekken som renn like ved. Do og lager er i eige bygg på baksida av naturmøteplassen.

Heftet er utvikla av 4H Sogn og Fjordane i samarbeid med sivilarkitekt Bjørn-Are Vollstad, med støtte frå Gjensidigestiftelsen, Extrastiftelsen, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Miljødirektoratet og Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Alt om naturmøteplass finn du på: **www.naturmøteplass.no**
... og meir om 4H finn du på: **www.4h.no**